

KOMMISJONSVEDTAK

2016/EØS/7/16

av 30. november 2009

om endring av vedtak 2007/116/EF med omsyn til innføring av ytterlegare reserverte nummer som byrjar med «116»

[meldt under nummeret K(2009) 9425]

(2009/884/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/
EF av 7. mars 2002 om felles rammeregler for elektroniske
kommunikasjonsnett og -tjenester (rammedirektivet)⁽¹⁾, særleg
artikkel 10 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ved kommisjonsvedtak 2007/116/EF ⁽²⁾ vert den nasjonale nummerserien som byrjar med «116», reservert til harmoniserte nummer for harmoniserte tenester av sosial verdi. Vedlegget til det nemnde vedtaket inneheld ei liste over særskilde nummer innanfor denne nummerserien og dei tenestene som kvart nummer er reservert for. Denne lista kan verte vedteken i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 22 nr. 3 i direktiv 2002/21/EF.
- 2) Dei to tenestene telefonhjelpsteneste for brotsverksoffer og teneste for ikkje-akutt medisinsk rådgjeving vert rekna som tenester av sosial verdi som kan tildelast harmoniserte nummer. Vedtak 2007/116/EF bør difor ajourførast og ytterlegare reserverte nummer innførast. Nummeret til tenesta for ikkje-akutt medisinsk rådgjeving er ikkje meint å skulle kome i staden for 112 eller nasjonale naudnummer til bruk i livstrugande situasjonar.

3) Vedtak 2007/116/EF bør difor endrast.

4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Kommunikasjonsutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2007/116/EF vert bytt ut med vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at dei rette nasjonale reguleringsstyresmaktene frå og med 15. april 2010 kan tildele dei nummera som er lagde til i lista i medhald av dette vedtaket.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 30. november 2009.

For Kommisjonen

Viviane REDING

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 317 av 3.12.2009, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 99/2011 av 30. september 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstjenester), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 65 av 1.12.2011, s. 10.

⁽¹⁾ TEF L 108 av 24.4.2002, s. 33.

⁽²⁾ TEU L 49 av 17.2.2007, s. 30.

VEDLEGG

Liste over nummer som er reservert for harmoniserte tenester av sosial verdi

Nummer	Teneste som dette nummeret er reservert for	Særlege vilkår som er knytte til retten til å nytte dette nummeret
116 000	<p><i>Namn på tenesta:</i> Direktelinje for forsvunne barn</p> <p><i>Karakteristikk:</i> Tenesta a) tek i mot oppringingar om forsvunne barn og gjev opplysningane vidare til politiet, b) tilbyr råd og støtte til dei personane som er ansvarlege for det forsvunne barnet, c) støttar etterforskinga.</p>	Tenesta skal alltid vere tilgjengeleg (dvs. 24 timar i døgnet, sju dagar i veka, i heile landet).
116 006	<p><i>Namn på tenesta:</i> Telefonhjelpeteneste for brotsverksoffer</p> <p><i>Karakteristikk:</i> Denne tenesta gjer det mogleg for brotsverksoffer å få psykologisk hjelp i den aktuelle situasjonen, få opplysningar om rettane sine og korleis dei kan gjere dei gjeldande, og få tilvising til relevante organisasjonar. Tenesta gjev opplysningar om a) nasjonale framgangsmåtar for politimelding og strafferettsleg handsaming, og b) spørsmål som gjeld skadebot og forsikring. Tenesta gjev òg hjelp til å finne andre former for støtte som er relevante for brotsverksoffer.</p>	Dersom tenesta ikkje alltid er tilgjengeleg (dvs. 24 timar i døgnet, sju dagar i veka, i heile landet), skal tenesteytaren syte for at opplysningar om når tenesta er tilgjengeleg, vert offentleggjorde på ein lett tilgjengeleg måte, og at dei som ringjer utanom opningstida, får opplysningar om når tenesta vert tilgjengeleg att.
116 111	<p><i>Namn på tenesta:</i> Naudtelefonar for barn</p> <p><i>Karakteristikk:</i> Tenesta skal hjelpe barn som treng omsorg og vern og setje dei i kontakt med tenester og ressursar. Ho skal gje barn høve til å snakke om kva dei uroar seg for og om problem som påverkar dei direkte, og til å kontakte nokon i ein naudsituasjon.</p>	Dersom tenesta ikkje alltid er tilgjengeleg (dvs. 24 timar i døgnet, sju dagar i veka, i heile landet), skal tenesteytaren syte for at opplysningar om når tenesta er tilgjengeleg, vert offentleggjorde på ein lett tilgjengeleg måte, og at dei som ringjer utanom opningstida, får opplysningar om når tenesta vert tilgjengeleg att.
116 117	<p><i>Namn på tenesta:</i> Teneste for ikkje-akutt medisinsk rådgjeving</p> <p><i>Karakteristikk:</i> Dei som ringjer, vert sette over til ei høveleg medisinsk hjelpeteneste etter kva behov dei har, for rådgjeving i situasjonar som hastar, men ikkje er livstrugande, særleg utanfor normal opningstid, i helgar og på offentlege fridagar. Dei som ringjer, får snakke med ein kunnig person som kan rådføre seg med andre, eller som koplar samtalen vidare til ein kvalifisert praktiserande lækjar eller klinikar.</p>	Dersom tenesta ikkje alltid er tilgjengeleg (dvs. 24 timar i døgnet, sju dagar i veka, i heile landet), skal tenesteytaren syte for at opplysningar om når tenesta er tilgjengeleg, vert offentleggjorde på ein lett tilgjengeleg måte, og at dei som ringjer utanom opningstida, får opplysningar om når tenesta vert tilgjengeleg att.
116 123	<p><i>Namn på tenesta:</i> Krisetelefonar</p> <p><i>Karakteristikk:</i> Tenesta skal setje den personen som ringjer, i kontakt med ein verkeleg person som lyttar utan å dømme. Ho skal tilby kjenslemessig støtte til personar som er einsame, er i psykisk krise eller har sjølv mordstankar.</p>	Dersom tenesta ikkje alltid er tilgjengeleg (dvs. 24 timar i døgnet, sju dagar i veka, i heile landet), skal tenesteytaren syte for at opplysningar om når tenesta er tilgjengeleg, vert offentleggjorde på ein lett tilgjengeleg måte, og at dei som ringjer utanom opningstida, får opplysningar om når tenesta vert tilgjengeleg att.